

g greia ut alternativ til EØS-avtalen:

for Zinken



I BØLGER: 11. februar 1924 stifta Asturienne, eit belgisk selskap med sinkgruve i Spania, Det Norske Zinkkompani AS. Sidan den tid har det vore både opp- og nedturar for Zinken.

– Det trur eg ikkje Norge er klar for. Eg ser ikkje noko alternativ i dag. Dersom EU endrar seg, så får me sjå.

– Men EU har endra seg sidan 1994?

– Ja, men skal du ha handel, må du forhalda deg til grunnpillarane, og dei har ikkje endra seg, verken i EU-systemet eller i EØS-avtalen.

Han meiner norske myndigheter ikkje er gode nok på å tala Norges sak i Europa. Nyleg heldt parlamentet i EU på å gå inn for å avvise karbonfangst- og lagring som eit klimatilskott, fortel Alfheim.

– Hadde det gått gjennom, så hadde alt me har jobba med, blitt nulla ut. I tolvte time fekk me snudd det. Men det er ille at norske myndigheter ikkje fangar opp slike diskusjonar og får fram norske argument.

Skremd av motstanden

Bjørn Inge Sandvin, som har jobba på «Zinken» sidan tid-

leg på 1980-talet, er einig med Alfheim og Folkvord.

– Viss me trur at me skal klara å gjera vår EØS-avtale betre, så trur eg ikkje det. EU kjem aldri til å gjera vår EØS-avtale betre. Me rotar med noko som me ikkje ser konsekvensane av, seier han.

EØS-motstanden har lenge vakse i fagrørsla, men tok seg ytterlegare opp for nokre veker sidan då den største avdelinga i Fellesforbundet snudde frå ja til nei. Sjef for Norsk Industri Stein Lier-Hansen omtalte likevel EØS-motstanden som storm i et vassglas. Sandvin er ikkje einig.

– Nei, eg trur ikkje det. Motstanden var stor også under førre LO-kongress. Eg blei skremd, seier han.

Men Folkvord trur LO vil landa på ja til EØS-avtalen også i 2021. – Viss eit fleirtal på LO-kongressen går til frontalåtak tilgang til den viktigaste marknaden for

norsk landindustri, vil det etter mitt syn vera noko av det mest dramatiske som har skjedd i norsk fagrørsla, seier han.


Blir for komplisert

Ved sinkverket står tillitsvalde og leiinga side om side i synet på EØS-avtalen. Ranveig Capjon er leiar for økonomiavdelinga. Ho viser til Zinkens svenske eigarar, som ho trur vil flytta produksjonen frå Odda om EØS-avtalen forsvinn.

– Eg trur at viss EØS skulle forsvinna, så får me andre handelsavtalar. Men då blir det så komplisert. Det handlar ikkje berre om toll, men all infrastruktur kring avtalen. Det blir for komplisert å driva business her. Så då gjer dei ikkje det, seier Capjon.

Ho minner om at det er fleire faktorar som gjer det dyrt å produsera i Norge enn andre land.

annekarih@klassekampen.no



REDDA: Bank of America fekk ein av dei største redningspakane etter finanskrisa i 2008, men vart ikkje nasjonalisert.

FOTO: EMMANUEL DUNAND, AFP/NTB SCANPIX

Bankeigarskap

Statar har nasjonalisert bankar etter finanskriser, for så å selje dei igjen. Kvifor ikkje behalde dei?



Roman Eliassen
FINANS

Under bankkrisa i Noreg i 1991 nasjonaliserte me DNB, Fokus Bank og Kredittkassen. Aksjonærane vart nulla: Dei fekk ingen vinst frå denne operasjonen. Seinare privatiserte me bankane att, og staten fekk ein vinst. USA handsama finanskrisa i 2008 på eit litt anna vis: Staten gav store redningspakker til bankane utan å verte eigarar. Men kva er argumentet for at bankar under normale omstende bør vere privat, og ikkje offentleg, eigde?

Det kan vere teoretiske grunnar til det. Marknaden sørgjer for at pengane hamnar der dei er mest etterspurde, kompetente folk vurderer utlån basert på risiko og avkastning, og banken er avhengig av at utlåna går til lønnsame formål for å overleve. Effektivitet gjennom desentraliserte avgjerder i marknaden, altså.

Prinsipielt kan ein seie at det er marknaden som har oppgåva å yte kreditt. Men bankar gjer òg andre ting, som å halde innskot og sørge for betalningar. Det er ingen openberr grunn til at desse oppgåvene skal vere private.

Om det kjem signal om

at bankane vil nasjonalisere, kan det verte kaos i marknaden. Men det er eit problem i ein overgang, ikkje eit prinsipielt problem.

Offentlege bankar har nokre fordeler. Sidan dei ikkje må maksimere profitt for eigarane, kan det verte billigare å låne. Ein kan òg sørge for at pengane til innskytarane finansierer prosjekt i tråd med demokratisk vedtekte interesser. Men her er det òg ei nedside: Offentlege bankar kan verte gjenstand for politisk prestisje og mislykka prioriteringar.

Men mislykka prioriteringar skjer òg i private bankar. Det meste av utlåna går til bustadar, og ikkje til produktiv næringsutvikling. Det gjev «økonomisk forureining» i form av høg gjeld og høge prisar på bustader.

Så framt offentleg eigde bankar er kompetente i å vurdere risiko og kreditttillit, kan dei fungere like bra. Med mindre ein antar at offentleg tilsette er dårlegare enn private tilsette, er det vanskeleg å sjå eit stort problem her.

Eg har vanskar for å sjå noko avgjerande argument mot eit offentleg bankstell. Men det er ikkje sikkert det løyser noko problem å nasjonalisere. Me treng å styre verksemda til bankane meir enn me gjer i dag, slik at utlåna i det heile vert meir samfunnsnyttige. Men det kan me gjere utan å nasjonalisere bankane.

Likevel er det gode grunnar til å ha ein større statsbanksektor som kan løyse oppgåver det private bankstellet ikkje gjer, eller gjer dårleg, i dag.

Roman Eliassen, samfunnsøkonom, Manifest Tankesmie
roman.eliasen@gmail.com

Lurer du på noe om samfunnsøkonomi, så skal våre økonomer gjere sitt beste for å svare. Send inn ditt spørsmål til redsek@klassekampen.no



Askill Harkjerr Halse



Roman Eliassen



Jørgen Juel Andersen



Tora Kjærnes Knutsen